



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Stranda kommune  
Postboks 264  
6201 STRANDA

Dykkar ref.  
16/1340-10

Vår ref.  
17/3057

Dato  
24.05.2017

**Klage frå Stranda kommune over Politidirektoratets avgjerd av 13. januar 2017 om endringar i Møre og Romsdal politidistrikts lokale struktur**

Justis- og beredskapsdepartementet syner til klage som er dagsett 8. mars 2017 frå Stranda kommune og Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 om å endre politiet sin lokale struktur i høve til Stranda kommune:

*«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sykkylven, Volda og Ørsta, og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Stranda kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Sykkylven lensmannskontor og Ørsta lensmannskontor».*

Politidirektoratet har i brev 28. mars 2017 sendt klagen frå Stranda kommune til Justis- og beredskapsdepartementet, med kopi til Stranda kommune og Møre og Romsdal politidistrikt. Direktoratet opplyser i oversendinga at klagen frå Stranda kommune har vore lagt føre dei kommuner som saka vedkjem, jf. forskrift om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 5 annet ledd.

**1. Bakgrunn**

Nærpolitireforma, Prop. 61 LS (2014-2015), vart godkjent i statsråd 6. mars 2015 og sendt Stortinget for handsaming. Proposisjonen vart fastsatt 10. juni 2015 med nokre endringar, jf. Innst. 306 S (2014-2015) og Innst. 307 L (2014-2015). I Innst. 306 S (2014-

Postadresse      Kontoradresse      Telefon - sentralbord      Politiavdelinga  
Postboks 8005 Dep      Gullhaug Torg 4A      22 24 90 90  
0030 Oslo      0484 Oslo      Org.nr.: 972 417 831  
0030 Oslo

Sakshandsamar  
Jan Inge Helgheim  
22 24 55 91  
jan-inge.helgheim@jd.dep.no

2015) vart det mellom anna sagt følgjande om det overordna målet med nærpolitireforma:

*«Målet med reformen er et nærpoliti som er operativt, synlig og tilgjengelig, og som har kapasitet og kompetanse til å forebygge, etterforske og påtale kriminelle handlinger og sikre innbyggernes trygghet. Det skal utvikles et kompetent og effektivt lokalt nærpoliti der befolkningen bor. Samtidig skal det utvikles robuste fagmiljøer som er rustet til å møte dagens og morgendagens kriminalitetsutfordringer».*

Justis- og beredskapsdepartementet har i samsvar med dette gjeve Politidirektoratet mynde til å fastsette politidistrikta si inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikt, og til å kunne fastsette samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor og politistasjonar.

Politimeistrane har, som ein del av nærpolitireforma, greidd ut og føreslått endringar i politidistrikta sin lokale struktur for å kunne frigjere tid og ressursar til å kunne vere meir tilgjengeleg og tilstades i nærmiljøa.

Den lokale strukturen i politidistrikta skal fremje eit nærpoliti som er operativt og synleg, med kapasitet til å forebygge, etterforske og påtale strafflagde handlingar. Politimeistrane sine framlegg er mellom anna tufta på innspel frå kommunar og lokale polititenestemannsorganisjonar.

Politimeistrane sende sine tilrådingar til Politidirektoratet 15. desember 2016. Politidirektoratet fastsette 13. januar 2017 ny lokal organisering av norsk politi.

Kommunar som vedkjem endringar i inndelinga i lensmanns- og politistasjonsdistrikt og samanslåing eller nedlegging av lensmannskontor eller politistasjonar kan klage på Politidirektoratet si avgjerd til Justis- og beredskapsdepartementet, jf. forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten § 1.

## **2. Merknader frå kommunen**

Stranda kommune seier i brev 8. mars 2017 at dei ønskjer å klage på «..... plassering av tenestestad (lensmannskontor) lokalisert til Sykkylven. Tenestestad må leggjast til Stranda». Kommunen har mellom anna grunngjeve klagen med forhold knytt til avstand, beredskap, turisme og auke i folketalet. Kommunen er elles samd i avgjerda om at Stranda og Norddal lensmannsdistrikt skal verte ein del av Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt.

Stranda kommune har også mellom anna gjort gjeldande at:

*«Dersom nærpolitireforma skal ha legitimitet for innbyggjarane, må vurdering av avstand vege langt tyngre enn det som er lagt til grunn i vurderinga. Dette er ikkje*

*berre knytt til store avstander, men også krevjande geografi der fjord og fjell skil oss. Vår status som verdsarvkommune (Geiranger), har ført til svært stor tilstrøyming av turistar og er ei av landet sin mest trafikkerte fjordarm. Dette vil krevje ein langt betre sivil beredskap enn før. Det er ein trend i tida som ser ut til å bli forsterka ved at folk ynskjer å nytte nature heile året, både sommar som vinter. Denne utviklinga er ekstra utfordrande i vårt geografiske område med lange avstandar til naudetatar (ambulanse, sjukehus og politi). I ei kommune med positiv utvikling og veksande folketall er kontakta med politiet av avgjerande betydning for tryggleiken for befolkninga.*

*Stranda kommune er nær 900 kvadratkilometer stor, og med ein krevjande og utfordrande geografi. Ei plassering av politistasjon på Stranda, vil vere svært tenleg for bygdene på indre Sunnmøre. Dette grunngjev vi med geografi og den type næringsliv og verksemdar som kommuna har. Dessutan ser vi også at dei andre politistasjonane på Sunnmøre vil bli liggjande langt frå bygdene inst i Storfjorden. Dersom responstida til politiet skal vere **innanfor 45 minuttssomgrepet**, må lokaliseringa vere på Stranda. Vi peikar særskilt på den ekstremt viktige beredskapsrolla politiet vil ha i høve Åkerneset».*

### **3. Motsegner frå andre kommuner**

Politidirektoratet har opplyst at ingen av dei andre kommunane i Møre og Romsdal politidistrikt har fremja synspunkt på klagen til Stranda kommune.

### **4. Politidirektoratets vurdering**

Politidirektoratet har i brev 28. mars 2017 til Justis- og beredskapsdepartementet gjort nærare greie for sitt avgjerdsgrunnlag og har ikkje funne grunn til å gjere om avgjerda i høve til Stranda kommune.

Politidirektoratet har synt til at avgjerda 13. januar 2017 om sammenslåing av lensmannsdistriktene Sykkylven, Volda og Ørsta, og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Stranda kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt, nedlegging av Stranda lensmannskontor som tenestestad bygde på tilrådinga frå politimeisteren i Møre og Romsdal politidistrikt. Tilrådinga frå politimeisteren i Møre og Romsdal er tufta i politifaglege vurderingar og ein lokal prosess som kommunar og tenestemannsorganisasjonar har teke del i.

Politidirektoratet syner vidare til at direktoratet har vurdert dei innspel og synspunkt som har kome fram i klagen frå Stranda kommune og frå politimeisteren i brev 14. mars 2017. Politimeisteren har i brevet skildra korleis politiet sine tenester skal tryggjast i Stranda kommune når lensmannskontoret samlast i Sykkylven. Politidirektoratet meiner at politimeisteren har gjort gode politifaglege vurderingar som høver med siktemålet til nærpolitireforma.

Politidirektoratet held etter ei heilskapsvurdering fast på vedtaket.

## **5. Justis- og beredskapsdepartementet si vurdering og avgjerd**

Klagen er satt fram i samsvar med forskrift av 22. juni 2016 om klageordning for kommuner som berøres av ny tenestestedsstruktur i politi- og lensmannsetaten. Etter § 1 i forskrifta kan kommuner som vedkjem avgjerda om ny tenestestedsstruktur klage på avgjerda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Vidare følgjer det av forskrifta at Justis- og beredskapsdepartementet kan gjere nytt vedtak eller heilt eller delvis oppheve avgjerda og sende saka attende til direktoratet for ny handsaming, jf. forskrifta § 6 første ledd.

Elles må departementet si klagehandsaming oppfylle forvaltningslova kapittel II og III og ålmenne reglar om god forvaltningsskikk, jf. forskrifta § 7.

Politidirektoratet har i oversendinga gjort greie for den føregåande prosessen i Møre og Romsdal politidistrikt, som mellom anna syner at politimeisteren i Møre og Romsdal har hatt ein omfattande lokal prosess med deltaking frå kommunar og tenestemannsorganisasjonar.

Klagen frå Stranda kommune er forstått slik at den gjeld avgjerda om å plassere tenestestad (lensmannskontor) i Sykkylven. Kommunen meiner denne tenestestaden må leggjast til Stranda.

Stranda kommune omfatter områda kring de indre delar av Storfjorden, Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden, og kringliggande fjelltraktar, i søraust og sør til grensa mot høvesvis Oppland og Sogn og Fjordane. Politidirektoratet har opplyst at Stranda kommune har 4598 innbyggjarar. Stranda kommune har elles opplyst at dei er i ei positiv utvikling og med aukande folketal. Næraste vidareførte tenestestad er Sykkylven som ligg ca. 33 km frå Stranda. Politimeisteren har opplyst at Stranda og Norddal lensmannskontor har ein lensmann og i tillegg ein kontortilsett i 60 prosent stilling.

Stranda kommune har halde fram at vurderinga av avstandar må vege langt tyngre enn det som er lagt til grunn i Politidirektoratet si vurdering om nærpolitireforma skal ha truverde hjå innbyggjarane. Kommunen held også fram at dei har ein krevjande geografi med mellom anna fjord og fjell. Geiranger- og Nærøyfjorden vart i 2005 teke inn i UNESCOs verdensarvliste, og dette har medverka til en stor tilstrøyming av turistar. Kommunen held også fram at dei har ei av dei mest trafikerte fjordarmar i verda.

I politimeisteren si tilråding av 15. desember 2016 følgjer mellom anna denne fråsegna frå lensmannen i Stranda og Norddal:

*«I høringssvarene framheves beredskap spesielt knyttet til Åknes/Tafford-området, cruise og turisme. Lensmannen peker på at det er viktig å bygge vidare på de gode*

*relasjonene som er mellom lensmannskontorene i Stranda og Sykkylven. I tillegg peker han på Stranda som en framtidig stedsplassing (etter utløp av dagens leiekontrakt i Sykkylven) da dette blir en mer sentral plassering i distriktet. Etter hans syn er Sykkylven for nært Ålesund».*

Politidirektoratet har i samband med spørsmålet om publikumsservice og tenestestad halde fram at det tek ca. 30 minutt å køyre frå Stranda til Sykkylven. Avstanden frå tettstadane i Storfjorden er noko lengre. Frå Geiranger til næraste tenestestad, som vert Sykkylven, er det ca. 76 km. Det er 43 km frå Geiranger til Stranda. Dette betyr at befolkninga i Geiranger vil få noko lengre reiseveg til næraste tenestestad.

Politidirektoratet meiner at ei samling av ressursane i Sykkylven vil gje eit betre tenestetilbod til innbyggerane i både Sykkylven og Stranda. Samlinga vil gjere det råd å drive meir aktiv patruljering, som også vil kome folket i fjordområdet til gode. Politidirektoratet har i vurderinga også lagt vekt på at Møre og Romsdal politidistrikt vil styrke polititenesta i Storfjorden i turistsesongen, gjennom etablering av ein politipost.

Departementet er samd med Politidirektoratet i at politipatruljer som utgangspunkt skal kunne løyse den publikumsretta verksemda. Politipatruljer vil betre servicen til publikum i høve til gjeldande ordning. Politipatruljer vil også gje kortare reaksjonstid på grunn av at politiet i større grad vil kunne vere på staden ved hendingar og behov gjennom kunnskapsbygd tenesteplanlegging.

Etter ei samla heilskapsvurdering av saka har Justis- og beredskapsdepartementet likevel kome til at Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 gjerast om. Dette betyr at Stranda får behalde tenestestaden (lensmannskontoret). Departementet har i vurderinga særskilt lagt vekt dei utfordringar Stranda kommune har i høve til avstandar og geografi, den store turismen i delar av året og at kommunen veks. Elles må også departementet nemne at Stranda kommune omfattar nær 900 kvadratkilometer, noko som gjev særskilte utfordringar i høve til beredskapen.

**Departementet finn etter ein samla gjennomgang og vurdering av dei opplysingar som er lagt frem i saka, grunn til å gjere om Politidirektoratet si avgjerd om ny tenestestadsstruktur for Stranda kommune i Møre og Romsdal politidistrikt. I Politidirektoratet si avgjerd 13. januar 2017 gjerast følgjande endring:**

*«Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sykkylven, Volda og Ørsta, og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Stranda kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Sykkylven lensmannskontor, Stranda lensmannskontor og Ørsta lensmannskontor».*

Ein kopi av brevet er sendt til Politidirektoratet til vitande.

Med venleg helsing

Thor Arne Aass  
ekspedisjonssjef

Sven Olav Gunnerud  
avdelingsdirektør

Kopi: Politidirektoratet

*Dokumentet er godkjent og blir sendt utan signatur*